

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Plan- og miljøutvalet	02.10.2025	085/25
Kommunestyret	21.10.2025	103/25

Høyring og offentlig ettersyn - Planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland

Kort om saka

Vestland fylkeskommunen (VLFK) har i brev av 26.08.2025 varsla oppstart og sendt forslag til planprogram for «Regional plan for areal og mobilitet i Vestland» på offentlig ettersyn og høyring (ref. 2025/12229-16). Det varsla planarbeidet er forankra i Utviklingsplan for Vestland 2024 - 2028, og har som føremål å fastsetja felles mål, verkemiddel og strategiske føringar for utbyggingsmønster og transportstruktur i heile Vestland fylke.

Planarbeidet skal også følgja opp vedtak frå Utviklingsplanen om å fornya og forenkla VLFK sitt plansystem. Konkret betyr dette at fylket skal ha færre og meir strategiske og heilskaplege regionale planar, som ser ulike tema og samfunnsområde i samanheng. Når det gjeld arbeidet med regional plan for areal og mobilitet skal den «fastsetje eit regionalt utbyggingsmønster og ein senterstruktur som er samordna med infrastruktur for mobilitet, kommunikasjon, energi og tenester».

Ambisjonen om samordning av regionale planar betyr at varsla planarbeid skal erstatta følgjande regionale planar:

- Regional plan for klima (2022-2035),
- Regional plan for fornybar energi (2023-2035),
- Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling, (det som er knytt til arealbruk) (2021-2033),
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026),
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur (2018-2022),
- Fylkesdelplan for arealbruk (Sogn og Fjordane 2000),
- Regional transportplan (RTP) 2022-2033.

Med grunnlag i plan- og bygningslova, statlege føringar og Utviklingsplan for Vestland 2024–2028, skal regional plan for areal og mobilitet «samla og oppdatera retningslinjer for arealbruk i fylket». Noko som betyr at nemnte regionale planar, strategiar og arealføringar skal gåast gjennom og vurderast for å avgjere kva som blir vidareført, revidert, kan takast ut og/eller om det finst område der det er behov for ny politikk og nye føringar.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Kommunestyret sluttar seg til høyringsuttalen slik det går fram av saka, og ønskjer å trekkja fram følgjande:

- Vi stiller oss positiv til at plansystemet til fylkeskommunen skal forenklast med færre og meir heilskaplege planar.
- Som styringsdokument vil det vera betre og meir effektivt om RATP for Bergensregionen vert samordna med og inngår i arbeidet med ny regional plan for areal og mobilitet.
- Planprogrammet må vera tydleg på at regionsentera i Bergensregionen skal vidareførast, og at den senterstrukturen som kommunane har vedteke i sine overordna planar skal vera del av den samla senterstrukturen.
- Ei anerkjenning av vedteken senterstruktur i kommunane er særleg viktig med omsyn til temaet kollektivtransport.
- I planprogrammet blir det lagt opp til ei differensiering *mellom* kommunar, med tilhøyrande ulike føringar, moglegheiter og strategiar. Øygarden vil her spela inn at den «sentrum-periferi-dimensjon» som ligg *internt* i kommunane også bør løftast fram som ei problemstilling i planarbeidet.
- Plantemaet «berekraftig arealforvalting» femnar om mange lokale problemstillingar som vi meina bør løysast i kommunane, og fleire av undertemaa grip inn kommunane sitt sjølvstyre og politikkområde.
- Ein regional plan bør fokusera på den rolla fylkeskommunen kan spela for å utvikla sine funksjonar og tenester i sentera og kommunane i Vestland.
- På generelt grunnlag meina vi at ein regional plan, med ambisjon om å sjå fleire samfunnsområde i samanheng, bør vera på eit **overordna strategisk nivå**, heller enn at den «gjentar statlege planretningslinjer». Ein strategisk regional plan vil kunna fremma rolla til fylkeskommunen som rettleiar og koordinator, og gjera det mogleg å dela, drøfta og finna felles løysingar innan dei tema- og samfunnsområda som planarbeidet har ambisjon om å løysa.

Saksopplysningar

Bakgrunn:

Vestland fylkeskommune (VLFK) har varsla oppstart og lagt planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland på høyring. Det varsla planarbeidet er forankra i [Utviklingsplan for Vestland 2024 - 2028](#), og har som føremål å fastsetja felles mål, verkemiddel og strategiske føringar for utbyggingsmønster og transportstruktur i heile Vestland fylke.

Planarbeidet skal følgja opp vedtak frå Utviklingsplanen om å fornya og forenkla VLFK sitt plansystem. Konkret betyr dette at fylket skal ha færre og meir strategiske og heilskaplege regionale planar som ser ulike tema og samfunnsområde i samanheng. Regional plan for areal og mobilitet skal såleis «fastsetje eit regionalt utbyggingsmønster og ein senterstruktur som er samordna med infrastruktur for mobilitet, kommunikasjon, energi og tenester».

Regional plan for areal og mobilitet skal erstatta følgande regionale planar:

- Regional plan for klima (2022-2035),
- Regional plan for fornybar energi, (2023-2035),
- Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling, (det som er knytt til arealbruk) (2021-2033),
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland (2015-2026),
- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur (2018-2022),
- Fylkesdelplan for arealbruk (Sogn og Fjordane 2000),
- Regional transportplan (RTP) 2022-2033.

Strategiar og arealføringar i nemnte planar skal gåast gjennom for å avgjere kva som skal bli vidareført, kva som treng å bli revidert, og kva som kan takast ut. I tillegg skal planarbeidet peike på område der det er behov for ny politikk og nye føringar. Med omsyn til regional transportplan (RTP) blir det opplyst om at den nye regionale planen skal ta for seg nokre plantema som per no ikkje er innarbeidd, mellom anna tema energi, kystnære areal og regional hamn.

Når det gjeld forholdet til Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017–2028 (RATP), er det i forslag til planprogram presisert følgjande: «*Planen vert vidareført og ikkje oppheva som følgje av ny regional plan for areal og mobilitet. RATP bygger på den regionale planen for attraktive senter, som definerer senterstruktur i tidlegare Hordaland. Når senterstrukturen skal bli vurdert for heile Vestland, skal bergensområdet inngå i analysen, men det vert lagt til grunn at senterstrukturen i bergensområdet ligg fast. Dei to regionale planane vil begge vere gyldige. Ved motstrid vil den sist vedtekne planen gjelde føre den andre*».

Høyring:

Forutan føremålet med planarbeidet gjer høyringsforslag til planprogram greie for overordna plantema, framdrift og medverknad, kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov. Høyringsfristen er sett til 10. oktober 2025. For at høyringsuttalen frå Øygarden skal kunna handsamast politisk, har vi fått utvida høyringsfristen til 23. oktober.

Overordna plantema:

Planprogrammet definerer tre overordna plantema, med nokre gjennomgåande omsyn, som til saman skal svare på dei utfordringane og strategiane som er løfta fram i Utviklingsplanen for Vestland. Dei tre overordna plantemaa er:

1. Regionsenter og transportstruktur
2. Berekraftig arealforvaltning
3. Mobilitet og transport

Plantema, saman med gjennomgåande omsyn, vert nærare omtalt under kommunedirektøren sine vurderingar og høyringsuttale til desse.

Framdrift og medverknad:

Vestland fylkeskommune ser for seg at planprogrammet skal vedtakast av fylkesutvalet i desember 2025. Ny regional plan for areal og mobilitet med handlingsprogram, skal vedtakast i desember 2026.

Kommunane, Regionråda, Statsforvaltar, KS, Husbanken og Statens vegvesen vil bli invitert til deltaking i tema- og/eller referansegruppe. Korleis og når ein slik invitasjon/medverknad skal skje er ikkje omtalt.

I høyringsperioden har alle interessentar, inklusive kommunane blitt invitert til eit digitalt orienterings- og dialogmøte om planarbeidet.

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

Den regionale planen for areal og mobilitet kan få verknad på vedtekne arealstrategiar i samfunnsdelen til kommuneplanen

Konsekvensar for folkehelse

Folkehelseperspektivet skal integrerast i alle plantemaa i den regionale planen for areal og mobilitet, og gje strategiske føringar for ei samfunnsutvikling som fremjar helse og livskvalitet for alle i Vestland. Gode bumiljø, trygge og aktive transportløyser og tilgang til tenester og natur skal bidra til å utjamne sosiale helseforskjellar og styrka folkehelsa i heile regionen.

Økonomiske konsekvensar

Planarbeidet har ingen direkte økonomiske konsekvensar for Øygarden.

Vurdering og konklusjon

I høyringsbrevet er det ikkje spesifikt nemnt kva fylkeskommunen ønskjer tilbakemelding på, men det blir vist til eit digitalt innspelsskjema på VLFK si nettside som er delt opp etter følgjande tema:

- Rammer og føringar (overordna føringar, plansystemet – forholdet til gjeldande planar)
- Plantema (gjennomgåande omsyn, regionsenter og transportstruktur, berekraftig arealforvaltning, mobilitet og transport)
- Behov for kunnskap og utgreiingar
- Oppfølging av planen
- Planprosess, organisering og medverknad

Når det gjeld rammer og føringar, viser planprogrammet til Utviklingsplanen for Vestland 2024-2028, plan og bygningslova og til statlege forventingar og planretningslinjer, og er såleis dei same føringane som alle kommunar som planmynde, må forhalda seg til.

Kommunedirektøren sine innspel vil difor i hovudsak omhandla ei vurdering av dei *overordna plantemaa* med tilhøyrande ambisjon for kva planarbeidet skal løysa og oppnå i form av ulike retningslinjer og strategiar for «areal og mobilitet» i fylket. I tillegg blir det gitt ei vurdering knytt til medverknad og kunnskapsgrunnlag.

Omtale av plantema og kommunedirektøren si vurdering av desse:

Forslag til planprogram definera eitt gjennomgåande og tre overordna plantemaa.

Temaet «*gjennomgåande omsyn*» handlar om barn og unge sine oppvekstkår, folkehelse, mangfald, inkludering og integrering, universell utforming, estetisk utforming av omgjevnadene, naturmangfald, klimaomstilling og samfunnssikkerheit og beredskap. Desse tema-/omsynsområda skal integrerast og vurderast i alt planarbeid og i dei tre overordna plantema i den regionale planen.

Kommunedirektøren si vurdering er at desse tema i stor grad samsvarar med omsyn som også er implementert [samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden](#), og i [Kunnskapsgrunnlaget til planstrategien for Øygarden 2024-2027](#).

Når det gjeld «*estetisk utforming av omgjevnadene*» meina vi at dette er eit «omsyn» som ikkje lar seg definera i ein regional plan, men må arbeidast med og utviklast i ein lokal kontekst. Fylkes-

kommunen si rolle må her vera å gi råd, etablera nettverk, henta og dela kunnskap og utvikla arena for samarbeid om tema.

Dei tre overordna plantemaa er definert som følger:

1. Regionsenter og transportstruktur
2. Berekraftig arealforvaltning
3. Mobilitet og transport

Plantema regionsenter og transportstruktur

Dette plantemaet handla først og fremst om at varsle planarbeid skal *definera ein regional senter- og transportstruktur* som sikrar tilgang til arbeidsplassar, handel, tenester og fritids- og kulturtilbod i heile fylket. Den regionale strukturen skal også bidra til å *klargjere kva type funksjonar ulike stader* skal ha, og kva for område som *bør prioriterast* i utviklinga av *regionale tenester og infrastruktur*.

Regionsentera i Vestland skal vera tyngdepunkta i den regionale utviklinga, og skal peikast ut på grunnlag av *felles kriterium* som befolkningsgrunnlag, reisetid, tilgjengelegheit, arbeidsmarknadsfunksjon og pendlingsomland. Planarbeidet skal også definera kva for *ansvar og godar* som følgjer av å bli definert som eit regionsenter, og *avklare kva for roller og funksjonar dei ulike sentera i Vestland skal ha*.

I tillegg vil fylkeskommunen vurdere ei inndeling og differensiering *mellom* ulike kommunar, med tilhøyrande ulike føringar, moglegheiter og strategiar. Ei differensiering av kommunane vil bli vurdert med utgangspunkt i kommunestorleik (befolkning), grad av utbyggingspress, tilgjengelegheit, nærleik til større byområde eller regionsenter, og skal bidra til ei tydelegare oppgåvefordeling, samordning og prioritering.

Transportstrukturen, -infrastrukturen og -systema i Vestland skal bidra til å knyte saman regionen og *støtta opp om den definerte senterstrukturen i fylket*.

Følgande oppgåver skal gjennomførast i planarbeidet:

- Utvikla strategiar og retningslinjer for korleis transportsystem, regional utvikling og senterstruktur kan bli samordna.
- Utvikla prinsipp og strategiar for prioriteringar i transportsystemet.
- Utvikla prinsipp og strategiar for å redusere utslepp og klimatilpasse transportsystemet.
- Definera hovudstruktur for vegnettet i Vestland, basert på gjeldande klassifisering.
- Definera hovudstruktur for kollektivnettet, basert på vedtekne føringar. Dette skal bli sett i samband med rammer for framtidig arealbruk.
- Utvikla strategiar og retningslinjer for lokalisering, funksjon og samspel mellom sentrale hamner, logistikknutepunkt, transportsystem og anna arealbruk
- Bidra til effektiv vare- og næringstransport med god tilgang til hovudvegnett og logistikknutepunkt.
- Utvikla strategiar for beredskap og forsyningstryggleik.

Kommunedirektøren si vurdering av plantemaet regionsenter og transportstruktur:

Kommunedirektøren stiller seg positiv til at VLFK sitt plansystem, i samsvar med Utviklingsplanen, no skal forenklast med færre og meir heilskaplege planar som ser ulike samfunnsområde i samband. Vi støttar også ambisjonen om og behovet for ein velfungerande regional transportstruktur/-infrastruktur og gode transportsystem som kan knyte saman regionen, og slik støtta opp om folk sitt kvardagsliv, næringsliv og senterstrukturen i Vestland.

Likevel finn kommunedirektøren det litt uklart kva VLFK legg i «*definert senterstruktur*». Gjeld dette berre for dei regionsentera som skal peikast ut i den nye planen, eller omfattar omgrepet også

sentera og -hierarkiet som kommunane i Vestland har vedteke i sine overordna planar (jf. kommuneplanen)? Med andre ord saknar vi ein omtale av korleis den nye regionale planen skal forhalda seg til den senterstrukturen som dei fleste kommunane i Vestland, etter føringar frå bl.a. regional plan for attraktive senter i Hordaland og Regional areal- og transportplan for bergensområdet 2017–2028 (RATP), no har vedteke.

I høyringsutkast til planprogram blir det presisert at RATP ikkje skal opphevast, men blir vidareført og *at senterstrukturen i bergensområdet ligg fast*. Kommunedirektøren si vurdering er at senterstrukturen i RATP, med unntak av regionsentera, til dels er utdatert, og tar ikkje omsyn til verken kommunesamanslåingar eller den senterstrukturen som kommunane har vedteke i sine oppdaterte/nyleg vedtekne kommuneplanar. T.d. er Ågotnes definert og vedteke som eit kommunedelsenter i Øygarden. Vedtaket er basert på kriterium som kollektivknutepunkt, tenestetilbod, handel, tal arbeidsplassar mm., og at senteret har eit betydeleg potensiale for vekst. Men i RATP er ikkje kommunedelsenteret omtalt som ei naturleg vekstsone.

Som styringsdokument meina vi det ville vera betre og meir effektivt om RATP for bergensregionen vert samordna med og inngår i arbeidet med ny regional plan for areal og mobilitet. Samstundes må planprogrammet vera tydeleg på at regionsentera i bergensregionen skal vidareførast, og at *dei sentera som kommunane har vedteke i sine overordna planar vert lagt til grunn for senterstrukturen i bergensregionen* (og i Vestland).

I forslag til planprogram blir det lagt opp til ei differensiering *mellom* kommunar, med tilhøyrande ulike føringar, moglegheiter og strategiar. Kommunedirektøren støttar VLFK i viktigheita av at både «regionsenterkommunane og omlandskommunane anerkjenner og støttar opp om dei definerte regionsentera som drivarar av den regionale utviklinga Vestland». Likevel meina vi at planprogrammet også bør løfta fram den «*sentrums-periferi-dimensjon*» som ligg *internt* i alle kommunane.

T.d. har dei flest kommunane som er omfatta av RATP for bergensregionen ein ambisjon om at vi skal kunna «leva å bu i heile kommunen». Ein slik ambisjon kan berre etterlevast dersom det regionalt og kommunalt, *og innafor det handlingsrommet som finst i dei statlege planretningslinene*, opnar for ei differensiering av moglegheiter, strategiar og føringar **internt** i kommunane.

Berekraftig arealforvaltning

Plantemaet skal ta utgangspunkt *i den regionale senterstrukturen og den overordna transportstrukturen*, og leggja til rette for ein balansert og berekraftig *bustadstruktur med tilgang på varierte og gode buområde*. Plantemaet skal *sikra bustadar for ulike grupper* i befolkninga, og *unngå spreidd utbygging* som gir auka bilavhengigheit og naturinngrep. Bustadbygging skal bli prioritert der det er god tilgjengelegheit til arbeidsplassar, utdanning, handel og kollektivtransport.

Berekraftig arealforvaltning som plantema skal også leggje til rette for *næringsutvikling* gjennom samordna arealbruk, der ulike næringstypar som industri, landbruk, reiseliv, handel og tenesteyting får rom til å utvikla seg utan å gå på kostnad av klima, natur og andre samfunnsomsyn. *Lokalisering av næringsareal og arbeidsplassar i Vestland skal baserast på ABC-prinsippet*, slik at arealkrevjande, transportintensiv og publikumsretta verksemd blir plassert etter kva transportbehov dei har.

Planarbeidet vil også ta opp i seg *utvikling av fritidsbustader*, og skal vurderast i lys av berekraftig arealbruk, regionale mål for naturmangfald, landskap, eksisterande infrastruktur og lokalsamfunn.

Plantemaet «berekraftig arealforvaltning» er såleis svært omfattande. I høyringsforslag til planprogram er det skissert åtte undertema (med underkategoriar) som skal arbeidast med, samordnast og *utviklast regionale strategiar og retningsliner* for i det varsla planarbeidet:

Berekraftig arealforvaltning - med undertema	Planarbeidet skal:
Regionalt utbyggingsmønster	• Utvikle strategiar og retningslinjer for å samordna arealbruk og infrastruktur og transportløysingar. • Stimulere til transformasjon og gjenbruk av areal. • Vurdere gjeldande føresegner for handel som verkemiddel • Utvikle retningslinjer for lokalisering og utbygging av næring, handel, tenester, fritidsbustader og besøksaktivitetar • Utvikle retningslinjer som sikrar omsynet til matjord, naturmangfald, friluftsliv, strandsone og eksisterande infrastruktur • Utvikle strategiar som sikrar at samfunnssikkerheit og beredskap er ein del av vurderingane ved planlegging av nye eller utvida bruk av område til næring, handel og tenester
Bustadutvikling og bumiljø	• Utvikle retningslinjer for utvikling av sosialt berekraftige bustader, tilpassa ulike behov, livsfasar og lokale forhold • Utforme differensierte strategiar og retningslinjer for bustadutvikling i pressområde og i område med stagnasjon • Vurdere behov for å kartlegge behov, likskap, ulikskap, preferansar og utfordringsbiletet i fylket • Utvikle retningslinjer for samordning mellom bustad og sosial infrastruktur
Fritidsbustader, turisme og besøksforvaltning	• Bidra til betre samordning og kunnskapsgrunnlag for eit berekraftig reiseliv • Vurdere behov for regionale strategiar og retningslinjer for arealbruk knytt til reiseliv, turisme og fritidsbruk
Kulturmiljø og kulturarv	• Vurdere behov for regionale føringar for arealbruk der kulturminne og kulturmiljø vert ivareteke gjennom samfunns- og arealplanlegging. • Styrke kunnskapsgrunnlaget og bevisstgjeringsa om kulturmiljø som ressurs for stadutvikling, reiseliv og identitet i både byar og bygder.
Arealkrevjande næring	• Utvikle strategiar for at det vert sikra tilstrekkeleg næringsareal med minst mogleg konsekvensar for klima, natur og miljø. • Utvikle regionale retningslinjer og verkemiddel for lokalisering og samordning av næringsareal med annan arealbruk, infrastruktur og transport
Mineral- og masseressursar	• Utvikle retningslinjer for lokalisering av mottaks- mellomagrings og gjenvinningsanlegg for overskotsmassar (reine/forureina) frå byggje og infrastrukturtiltak og rivemassar, sett i samanheng med blant anna stasjonære uttak av pukk og grus. • Vurdere og definere masseregionar der alle aktørar innanfor regionen brukar same digitale marknadsplass • Utvikle regionale retningslinjer for skjelsand, som rettleiing og forventning til kystkommunane si arealplanlegging.
Blågrøne areal som omfattar: • Jordvern og landbruk • Natur og friluftsliv	• Sikre matjorda gjennom eit sterkt jordvern, i tråd med nasjonale mål og fylket sitt jordvernmål. • Utvikle retningslinjer for å ta vare på natur, karbonrike areal, biologisk mangfald og landskap – både som ressurs for samfunnet og som eigenverdi. • Vurdere behov for retningslinjer som sikrar friluftslivsinteresser og allmenn tilgang, særleg i område med høgt press.

• Kystnære sjøareal, strandsone og vassforvaltning. • Naturfare og klimatilpassing	• Gje grunnlag for ein heilskapleg planpolitikk for kystnære sjøareal i Vestland. Erfaringar frå den regionale kystsoneplanen for Sunnhordaland og Ytre Hardanger og den interkommunale sjøarealplanen for Nordhordland skal vurderast for overføringsverdi. Styrke kunnskapsgrunnlaget for konsekvensutgreiing for arealbruk i sjø vurdere korleis statlege retningslinjer for strandsona kan bli integrert i kommunale planar tilpassa Vestland sine behov • Samordne mot arbeidet med revisjon av den regionale vassforvaltningsplanen. • Utvikle retningslinjer som sikrar at klimatilpassing blir integrert i arealforvaltninga • Utvikle strategiar for å redusere sårbarheit i busetnad, infrastruktur og naturmiljø • Utvikle retningslinjer for korleis kunnskap om naturfare, klimaendringar, klimarisiko og lokal sårbarheit kan bli ivareteke.
Energi	• Vurdere kva mål, strategiar og retningslinjer i gjeldande regional plan for fornybar energi som skal vidareførast i regional plan for areal og mobilitet, og i kva form (mål, strategi, retningslinjer og/eller føresegner) • Utvikle prinsipp og verktøy for å vurdere energibehov, energibedarar og tilgang på energi som del av konsekvensvurderingar i areal- og transportplanlegging. • Utvikle strategiar eller retningslinjer som sikrar at arealplanlegginga legg til rette for bruk av overskotsvarme frå store energiforbrukarar. • Vurdere retningslinjer som tek stilling til eigna areal for energiproduksjon • Utvikle strategiar for utvikling av energi- og ladeinfrastruktur

Kommunedirektøren si vurdering av plantemaet – berekraftig arealforvaltning:

Innan plantemaet «berekraftig arealforvaltning» blir det til saman lista opp åtte undertema (med fleire underkategoriar), og 32 punkt som beskriv kva det varsla planarbeidet skal løysa; i form av mål, strategiar og retningslinjer for arealforvaltninga i Vestland.

Kommunaldirektøren støttar behovet for å sjå ulike tema, sektorar og ansvarsområde i samanheng for å kunna oppnå målsettinga om ei berekraftig arealforvaltning i fylket. T.d. ser vi behov for at samfunnsområde som energi, vassforvaltning og massehandtering er tema som med fordel kan/må handterast og løysast i eit interkommunalt og regionalt perspektiv. Det same gjeld for forvaltning av sjøareal, der det er behov for felles og oppdatert kunnskap for å kunna sjå meir heilskapleg og berekraftig på utviklinga.

Når det gjeld arealforvaltning innafor dei øvrige temaområda, meina vi at ein regional plan i større grad må operera på *eit overordna og strategisk nivå* heller enn på detaljnivå med retningslinjer. Vi er inneforstått med at fylkeskommunen er underlagt dei same statlege forventingane og planretningslinjene som alle andre kommunar, men slik Øygarden vurderer det ligg fleire av dei nemnte undertemaa først og fremst til kommunane, som planmynde å løysa. T.d. er bustadpolitikk, bustadutvikling og bumiljø eit viktige og omfattande tema som vert arbeidd godt med både nasjonalt og regionalt (jf. bustadforum). Samstundes er dette eit temaområde som må forankrast og løysast lokalt og i kommunane si overordna planlegging (jf. kommuneplanen).

Den same vurderinga gjeld for forvaltning av areal til «fritidsbustader, turisme og besøksforvaltning», «kulturmiljø og kulturarv», «natur og friluftsliv», «landbruk og jordvern» og «arealkrevjande næringar». Dette er plantema som alle kommunane, *innafor ramma av statlege forventingar og*

planretningslinene, må finna berekraftige løysingar på i sine overordna planer. For Øygarden kommune sin del, er temaområda handtert som arealstrategiar i samfunnsdelen til kommuneplanen. Per no blir temaa nærare utgreidd, utdjupa og følgt opp som prinsipp og strategiar i forslag til planprogram for ny arealdel til kommuneplanen.

Kommunedirektøren forstår fylkeskommunen sitt behov for å samordna fleire tema- og samfunnsområde i ein regional plan, men vi ser ikkje nytten av at den regionale planen er ein «repetisjon» av statlege planretningslinjer. For kommunane vil det vera meir nyttig om den regionale planen utviklar *gode overordna strategiar* for korleis vi regionalt kan følgja opp og finna handlingsrom innafor dei statlege planretningslinjene, og korleis vi kan *samarbeida* for å skapa eit sterkt og berekraftig Vestland.

I eit slikt strategisk perspektiv kan fylkeskommunen, innan dei ulike tema-/samfunnsområda arbeida med gode kunnskapsgrunnlag, vera rettleiande, strategisk og ta på seg ei koordinerande rolle for å samla kommunane til å drøfta og dela felles regionale og kommunale moglegheiter og utfordringar som vi må løysa i lag.

Gode døme på fora og nettverk som er til støtte i kommunal planlegging/arealforvaltning er her «bustadforum», «berekraftig reiseliv/besøksforvaltning», «massehandtering», «areal- og naturrekneskap» og den nyleg utvikla «strandsonerettleiaren».

Mobilitet og transport

Temaområdet handlar om at eit velfungerande, trygt og effektivt mobilitetstilbod for alle trafikantgrupper skal bidra til trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i Vestland. Målet er ikkje å transportera meir, men heller å gjera det lettare for folk å leve liva sine med minst mogleg behov for lange reiser og med lågt klimafotavtrykk. I tillegg skal planarbeidet ta vare på og sikra næringslivet sine transportbehov, og legge til rette for god tilgang til tenester og arbeidsplassar i heile fylket.

Regional plan for areal og mobilitet skal *erstatte den strategiske delen* av gjeldande Regional transportplan (RTP) Vestland 2022-2033, og skal ta stilling til kva for mål og strategiar i RTP som bør vidareførast. Hovudmålet i gjeldande RTP er at Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling. Denne målsettinga skal byggast vidare på. I tillegg blir det vist til prinsipp frå Nasjonal transportplan 2025-2036 om å *«ta vare på det vi har, utbetre der vi kan og byggje nytt der vi må»*. Dette prinsippet vil vera førande for planarbeidet, og betyr at vedlikehald og utbetring av eksisterande infrastruktur skal prioriterast framfor nye vegar.

Planstrukturen med eit handlingsprogram, inkludert ein strategisk del med rammer for prioritering og porteføljestyling, og ein årleg handlingsdel med investeringsprogram og utviklingstiltak er også tenkt vidareført. I tillegg skal planen ha ei tydeleg kopling mot endringar som skjer i arbeid med nasjonal transportplan og andre nasjonale føringar for transport og mobilitet.

Transport og mobilitet – med undertema	Planarbeidet skal:
Fylkesvegnett	- vurdere strategiar og retningslinjer for å skape gode og framtidsretta løysingar, der vi tilpassar infrastruktur til eit klima i endring, reduserer klimagassutslepp, tek vare på naturmangfaldet og styrkjar levetida til eksisterande infrastruktur. - utvikle strategiar og retningslinjer for prioritering og porteføljestyling med utgangspunkt i regionale mål. Investeringsknutt til drift, vedlikehald, vidareutvikling og ny

	samferdsels- og mobilitetsinfrastruktur skal kopløst til arealforvaltninga • utvikle strategiar og retningslinjer som styrkar trafikktryggingssarbeidet i tråd med nullvisjonen og nasjonale målformuleringar • vurdere retningslinjer for gjennomgang av vedtekne planar på fylkesvegnettet opp mot nye statlege planretningslinjer og regionale mål og retningslinjer i samarbeid med kommunane
Mjuka trafikantar	• utvikle prinsipp og strategiar for prioritering av tilbod til mjuka trafikantar og trafikktryggleik • utvikle retningslinjer for trygg skuleveg og trygg tilkomst til haldeplass/ kollektivtilbod
Kollektivtransport	• utvikle differensierte prinsipp og retningslinjer for å samordne arealbruk og kollektivtransport i ulike delar av fylket • utvikle prinsipp og retningslinjer for kollektivtransporten, med vekt på tilbods-standard, kapasitet, kollektivknutepunkt og ressursfordeling i balansen mellom økonomisk, sosial og miljømessig berekraft.
Nasjonale ansvarsområde	• sikre god kopling til arbeidet med nasjonal transportplan og andre nasjonale føringar for transport og mobilitet. • utvikle tydelege regionale forventningar til nasjonale prioriteringar

Kommunedirektøren si vurdering av plantemaet – mobilitet og transport:

Plantemaet mobilitet og transport omhandlar i all hovudsak ansvars- og innsatsområde som ligg til fylkeskommunen å løysa, og kommunedirektøren stiller seg positiv til det. Likevel er det litt uklart om undertemaet «mjuka trafikantar» og «trafikktryggleik» omhandlar retningslinjer for fylkeskommunale vegar, eller om dei også skal gjelda for kommunale vegar?

Med omsyn til kollektivtransport vil vi også løfta fram viktigheita av at planarbeidet legg til grunn den senterstrukturen som kommunane har vedteke i sine overordna planar. Planarbeidet sin ambisjon om «å gjera det lettare for folk å leve liva sine med minst mogleg behov for lange reiser og med lågt klimafotavtrykk», set krav om at dei som bur i bygdene rundt dei definerte sentera i kommunane i Vestland, også har tilgang til eit kollektivtilbod som kan ta dei «tur-retur» til dei teneste- og fritidstilboda som finst i deira næraste senter.

Andre innspel som kommunedirektøren vurderer som viktige tilbakemeldingar i arbeidet med planprogrammet:

Medverknad:

Øygarden vil understreka at ein regional plan for areal og mobilitet vil krevja god og brei medverknad. Vi ser det som viktig at dei kommunane som allereie har definerte regionsenter, vert inviterte inn i tema- og ressursgrupper. Kommunane er planmynde for mange av dei tema- og samfunnsområda som det varsla planarbeidet ønskjer å ta opp i seg, og vil difor vera ein viktig og avgjerande strategiske samarbeidsaktør for å kunna løysa felles utfordringar og nå dei måla/ambisjonane VLK har sett seg for planarbeidet.

Utgreiingsbehov:

I planprogrammet vert det vist til både eksisterande kunnskapsgrunnlag og identifiserte utgreiingsbehov. Øygarden kommune saknar likevel ein fylkeskommunal refleksjon rundt kunnskapsgrunnlag som mange kommunar i Vestland har arbeidd fram i sine planprosessar for samfunns- og arealdelar til kommuneplanen. T.d. ligg det grundige analysar til grunn for senterstrukturen/-hierarkiet som Øygarden har vedteke som del av arbeidet med samfunns- og arealdelen til kommuneplanen. Det vil vera svært uheldig dersom regional plan for areal og mobilitet

grip inn i, eller ikkje tar opp i seg den senterstrukturen som no er vedteken i svært mange kommunar i Vestland.

Oppsummerande vurdering:

Kommunaldirektøren stiller seg positiv til at plansystemet til fylkeskommunen skal forenklast med færre og meir heilskaplege planar. Det same gjeld for ambisjonen om at planarbeidet skal bidra til å klargjera kva type funksjonar ulike stader/senter i fylket skal ha, og kva for område som bør prioriterast i utviklinga av *fylkeskommunale/regionale tenester og infrastruktur*.

I tillegg vil vi spela inn følgjande:

- Som styringsdokument vil det vera betre og meir effektivt om RATP for bergensregionen vert samordna med og inngår i arbeidet med ny regional plan for areal og mobilitet.
- Planprogrammet må vera tydleg på at regionsentera i bergensregionen skal vidareførast, og at den senterstrukturen som kommunane har vedteke i sine overordna planar skal vera del av den samla senterstrukturen.
- Ei anerkjenning av vedteken senterstruktur i kommunane er særleg viktig med omsyn til temaet kollektivtransport.
- I planprogrammet blir det lagt opp til ei differensiering *mellom* kommunar, med tilhøyrande ulike føringar, moglegheiter og strategiar. Øygarden vil her spela inn at den «sentrum-periferi-dimensjon» som ligg *internt* i kommunane også bør løftast fram som ei problemstilling i planarbeidet.
- Plantemaet «berekraftig arealforvalting» femnar om mange lokale problemstillingar som vi meina bør løysast i kommunane, og fleire av undertemaa grip inn kommunane sitt sjølvstyre og politikkområde.
- Ein regional plan bør fokusera på den rolla fylkeskommunen kan spela for å utvikla sine funksjonar og tenester i sentera og kommunane i Vestland.

På generelt grunnlag meina vi at ein regional plan, med ambisjon om å sjå fleire samfunnsområde i samheng, bør vera på eit **overordna strategisk nivå**, heller enn at den «gjentar statlege retningslinjer». Ein strategisk regional plan vil kunna fremma rolla til fylkeskommunen som rettleiar og koordinator, og gjera det mogleg å dela, drøfta og finna felles løysingar innan dei tema- og samfunnsområda som planarbeidet har ambisjon om å løysa.

Plan- og miljøutvalet 02.10.2025:

Tilleggsforslag til punkt 4 frå AP, MDG - Silje Ulveseth, Arbeidarpartiet

- Ei anerkjenning av vedteken senterstruktur i kommunane er særleg viktig med omsyn til temaet kollektivtransport, utan at det må kome i konflikt med målsetninga om eit desentralisert kollektivtransporttilbod. Det må vere eit godt kollektivtransport-tilbod i heile kommunen.

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren saman med tilleggsforslag til punkt 4 frå Silje Ulveseth (AP) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 02.10.2025 - 085/25

Plan- og miljøutvalet har slik tilråing til kommunestyret

Kommunestyret sluttar seg til høyringsuttalen slik det går fram av saka, og ønskjer å trekkja fram følgjande:

- Vi stiller oss positiv til at plansystemet til fylkeskommunen skal forenklast med færre og meir heilskaplege planar.
- Som styringsdokument vil det vera betre og meir effektivt om RATP for Bergensregionen vert samordna med og inngår i arbeidet med ny regional plan for areal og mobilitet.
- Planprogrammet må vera tydleg på at regionsentera i Bergensregionen skal vidareførast, og at den senterstrukturen som kommunane har vedteke i sine overordna planar skal vera del av den samla senterstrukturen.
- Ei anerkjenning av vedteken senterstruktur i kommunane er særleg viktig med omsyn til temaet kollektivtransport, utan at det må kome i konflikt med målsetninga om eit desentralisert kollektivtransporttilbod. Det må vere eit godt kollektivtransport-tilbod i heile kommunen.
- I planprogrammet blir det lagt opp til ei differensiering *mellom* kommunar, med tilhøyrande ulike føringar, moglegheiter og strategiar. Øygarden vil her spela inn at den «sentrum-periferi-dimensjon» som ligg *internt* i kommunane også bør løftast fram som ei problemstilling i planarbeidet.
- Plantemaet «berekraftig arealforvalting» femnar om mange lokale problemstillingar som vi meina bør løysast i kommunane, og fleire av undertemaa grip inn kommunane sitt sjølvstyre og politikkområde.
- Ein regional plan bør fokusera på den rolla fylkeskommunen kan spela for å utvikla sine funksjonar og tenester i sentera og kommunane i Vestland.
- På generelt grunnlag meina vi at ein regional plan, med ambisjon om å sjå fleire samfunnsområde i samheng, bør vera på eit **overordna strategisk nivå**, heller enn at den «gjentar statlege planretningslinjer». Ein strategisk regional plan vil kunna fremma rolla til fylkeskommunen som rettleiar og koordinator, og gjera det mogleg å dela, drøfta og finna felles løysingar innan dei tema- og samfunnsområda som planarbeidet har ambisjon om å løysa.

Kommunestyret 21.10.2025:

Behandling i møtet

Votering

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet (lik kommunedirektøren sitt forslag) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 21.10.2025 - 103/25

Kommunestyret vedtek høyringsuttalen slik det går fram av saka:

Øygarden kommunestyret har slik uttale til planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland:

- Øygarden kommune stiller seg positiv til at plansystemet til fylkeskommunen skal forenklast med færre og meir heilskaplege planar.
- Som styringsdokument vil det vera betre og meir effektivt om RATP for Bergensregionen vert samordna med og inngår i arbeidet med ny regional plan for areal og mobilitet.
- Planprogrammet må vera tydleg på at regionsentera i Bergensregionen skal vidareførast, og at den senterstrukturen som kommunane har vedteke i sine overordna planar skal vera del av den samla senterstrukturen.
- Ei anerkjenning av vedteken senterstruktur i kommunane er særleg viktig med omsyn til temaet kollektivtransport, utan at det må kome i konflikt med målsetninga om eit desentralisert kollektivtransporttilbod. Det må vere eit godt kollektivtransport-tilbod i heile kommunen.
- I planprogrammet blir det lagt opp til ei differensiering *mellom* kommunar, med tilhøyrande ulike føringar, moglegheiter og strategiar. Øygarden vil her spela inn at den «sentrum-periferi-dimensjon» som ligg *internt* i kommunane også bør løftast fram som ei problemstilling i planarbeidet.
- Plantemaet «berekraftig arealforvalting» femnar om mange lokale problemstillingar som vi meina bør løysast i kommunane, og fleire av undertemaa grip inn kommunane sitt sjølvstyre og politikkområde.
- Ein regional plan bør fokusera på den rolla fylkeskommunen kan spela for å utvikla sine funksjonar og tenester i sentera og kommunane i Vestland.
- På generelt grunnlag meiner vi at ein regional plan, med ambisjon om å sjå fleire samfunnsområde i samanheng, bør vera på eit **overordna strategisk nivå**, heller enn at den «gjentar statlege planretningslinjer». Ein strategisk regional plan vil kunna fremma rolla til fylkeskommunen som rettleiar og koordinator, og gjera det mogleg å dela, drøfta og finna felles løysingar innan dei tema- og samfunnsområda som planarbeidet har ambisjon om å løysa.